



Vår saksbehandler: Ole Petter Olsen  
Direkte tlf: 957 30105  
E-post: [opo@statped.no](mailto:opo@statped.no)

Vår dato:  
12.12.2011

Vår referanse:  
2011/4933

Deres dato:

Deres referanse:

Kunnskapsdepartementet  
[Postmottak@kd.dep.no](mailto:Postmottak@kd.dep.no)

## Høringsuttalelse til forslag om endringer i opplæringsloven fra Statped

Det vises til «Høring – forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven: Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m.», herunder også forslaget om lovfesting av rettigheter knyttet til alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK).

Frist for høringen er satt til 3. januar 2012.

Statlig spesialpedagogisk støttesystem har hatt forslagene til vurdering, og det har innkommet synspunkter fra 3 sentre; 1) Fellesuttalelse fra Bredtvet kompetansesenter og Torshov kompetansesenter og 2) Statped Vest. Disse følger vedlagt.

Utdanningsdirektoratet, Oslo den 12. desember 2011.

Jorunn Holen

Avd.direktør

Ole Petter Olsen

Seniorrådgiver

Vi ønsker å uttale oss om to forhold i lovforslaget;

### 1) Opplæring ved behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)

Torshov kompetansesenter viser til Kunnskapsdepartementets forslag om en ny § 2-16 i opplæringsloven.

Torshov kompetansesenter er fornøyd med at Kunnskapsdepartementet vil innføre en egen lovbestemmelse i opplæringsloven om opplæring av elever med behov for alternativ og *supplerende kommunikasjon (ASK)*.

*Torshov kompetansesenter vil påpeke at barns språk -og kommunikasjonsutvikling starter lenge før skolestart og at barn under opplæringspliktig alder som vil ha behov for ASK må få rett til en slik opplæring.*

*Torshov kompetansesenter merker seg at regjeringen skal vurdere om de samme rettighetene som foreslås for elever i skolepliktig alder også skal gjøres gjeldende for førskolebarn. Vi ser det som helt nødvendig at utfallet av disse vurderingene blir at førskolebarn får tilsvarende rettigheter.*

### 2) Innføringstilbud for nyankomne minoritetsspråklige elever

På side 29 og 30, presiseres at det bør være begrensning på hvor lenge elever kan være i innføringsklasse, men foreslår at det kan være spesielle grunner til å utvide dette.

*Kommentar: Tilbud i innføringsklasser bør ikke overstige et år uten at det er konkretiserte begrunnelser for at dette vil gi bedre muligheter for å følge opplæring enn et tilpasset opplegg i ordinær klasse. En mulighet for utvidelse kan gjøre at opplæringsansvarlig i kommunen ikke i tilstrekkelig grad gjør nødvendige tiltak for deltakelse og utbytte av opplæring innen ordinær opplæring.*

På side 30, avsnitt 2: Enig med Østbergutvalget i at tilbud i innføringsklasser ikke bør spise av retten til videregående opplæring, men gjelde som et år ”0”. Departementets argumentasjon om at man ved å legge inn innføringsklasser som et ordinært tilbud utløser elevrettigheter når det gjelder skyss og spesialundervisning bør kunne løses ved å tilkjenne rett til skyss og spesialundervisning for elever i innføringsklasser på lik linje med andre elever.

*Retningslinjer for innføringsklasser bør inneholde føringer for lærerkompetanse og innhold: Nyankomne elever i spesielt tilrettelagt opplæring (innføringsklasser) bør undervises av lærere med kunnskap om flerspråklig opplæring og ”norsk som andrespråk”. Flerspråklig kompetanse i forhold til også å kunne utnytte morsmålskompetanse hos elevene er viktig for å tilrettelegge for å utnytte kunnskaper og ferdigheter gjennom dette språket inn mot nye ferdigheter som skal læres.*



Statped Vest vil kommentere to av dei tre lovendringsforslaga.

### **Opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Statped Vest har erfaring for at mange ASK-brukarar eller potensielle ASK-brukarar ikkje får eit forsvarleg opplæringstilbod i samsvar med opplæringslova. Vi finn difor ei lovpresisering nødvendig, og er glad for at det no ligg føre eit forslag til dette.

Når det gjeld det konkrete forslaget, har Statped Vest følgjande endringsforslag til lov-formuleringa:

#### **§ 2-16**

*Elevar som heilt har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel og læremiddel i opplæringa. Dette gjeld elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, og elevar som har nedsett eller manglande forståing for tale.*

*Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplærings-tilbodet, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i forståing og bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon, fastsett på bakgrunn av sakkunnig vurdering etter § 5-3.*

#### **Tilsvarande endringar i §§ 3-13, 4A-13 og 3-14**

Grunngjeving for forslaget:

*For å sikre at ein elev får nødvendig opplæring i ASK med eit innhald som ivaretar behova til den aktuelle eleven, er det nødvendig med ei kvalifisert sakkunnig vurdering. Dette er eit ansvar som ligg til PP-tenesta. Det set høge faglege krav til dei sakkunnige, og krev at dei eventuelt søker fagleg støtte i dette arbeidet. Vi finn det vidare rett at lova nemner læremiddel i tillegg til kommunikasjonsmiddel i samband med ASK, etter som vi er kjende med at det er stort behov for læremiddel til ASK-brukarar. Det gjeld både det som departementet ut frå §5-9 er forplikta til å utvikle i samband med spesialundervisning, men og for dei ASK-brukarane som ikkje treng spesialundervisning.*

*Utover dette vil vi be departementet sjå til at dei utfyllande forskriftene som vert utforma på bakgrunn av §5-3 og omfattar spørsmål knytt til opplæring i ASK*

*Vi vil tillegg tilrå at det vert utforma ein rettleiar for opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon. Rettleiaren vil kunne nyttast i sakshandsaminga som gjeld opplæringstilbodet til elevar med komplekse kommunikasjonsbehov (og dermed behov for ASK). Ein rettleiar kan og vere ein nyttig ressurs for lærarar ved å ta for seg det generelle grunnlaget for opplæring av elevar med behov for ASK. Vidare vil ein slik rettleiar vise korleis ein kan utforme gode, tilpassa og likeverdige opplæringstilbod for ASK-brukarar. Praktiske døme kan og synleggjere den store variasjonen og breidda i korleis ein kan møte barn og unge med komplekse kommunikasjonsbehov i barnehage og skole.*

## Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen

*Statped Vest støtter forslaget om nasjonale standardar for samanhengen mellom tal på elevar og lærartimar. Sjølv om det ikkje er nokon klar og direkte samanheng mellom gruppestorleik og opplæringskvalitet, syner vår erfaring frå praksisfeltet at det er ei smertegrense for kor mange elevar den einskilde læraren skal ha ansvar for. Det gjeld både i den konkrete undervisningssituasjonen, men og i høve kontaktlæreroppgåver og overordna ansvar for eit forsvarleg opplæringstilbod med tilfredsstillande læringsutbyte for kvar elev. Forslaget er viktig med tanke på dei rammevilkåra som skolar og lærarar har for å ta hand om eit større elevmangfald på en god måte innanfor den ordinære undervisninga. Ei slik lovendring vil difor truleg ha positiv effekt på behovet for spesialundervisning, og gjere det lettare å gjennomføre nødvendig spesialundervisning som ein naturleg del av det ordinære læringsfellesskapet.*

*Statped Vest ser det som nødvendig å knyte reglar om lærarårsverk til ordinær undervisning, slik ein gjer i forslaget. Vi meiner og at det er både nødvendig og riktig at staten kompenserer for dei meirutgiftene som dette vil gi.*

Ein ber om kommentarar til ulike delar av forslaget:

### - **Innføringstakt**

*Det kan sjå ut som det er nødvendig å innføre dette suksessivt, men Statped Vest ber KD vurdere om ein samtidig med innføring på ungdomstrinnet gjeninnfører ein nasjonal regel om tal på lærarar på 1.årstrinn. Med tanke på tidleg innsats, synast det riktig. Praksis i dag varierer mykje, sjølv om alle er einige om at ein god skolestart er avgjerande. Forslaget må vidare koplust opp mot ein forsterka innsats for rekruttering av nye lærarar, og for hindre at erfarne lærarar går ut av skolen.*

### - **Maksimumsgrense for gjennomsnittleg gruppestorleik**

*På bakgrunn av dette meiner Statped Vest at det er nødvendig å differensiere forslaget når det gjeld 1.-4. årstrinn. Uavhengig av kva for eitt av dei tre alternativa ein vel, meiner vi det bør setjast ein serleg og lågare gruppestorleik for 1.årstrinn.*

### - **Minsteressurs på kommune- eller skolenivå**

*Statped Vest meiner ein bør innføre ein modell med ein maksimal gruppestorleik på skolenivå. I motsett fall vil det i mange kommunar, der ein både har store og små skolar, ikkje innebere merkbare reduksjonar. Det går og klårt fram av dei økonomiske overslaga.*